



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN
Kulturavdelinga

Jostedal Historielag
Arkeologiprojektet v/Oddmund L. Hoel
Krundalen
6871 JOSTEDAL

Sakshandsamar: Kolbjørn Nesje Nybø tlf.dir.: 57 82 50 08 E.post: kolbjorn.nesje.nybo@sf-f.kommune.no

Arkivkode	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
C51	Arkivsnr.: 03/04982 L.nr: 024582/03		15.12.2003

PROSJEKTET "DEN ELDSTE BUSETNADEN I JOSTEDALEN

Vi viser til interessant og hyggeleg møte på Kulturavdelinga i Førde den 17.11.2003. Kulturavdelinga ser svært positivt på at prosjekt som set fokus på kulturminne blir sett i gang. Etter møtet blei Kulturavdelinga bedt om å komme med nokre avklaringar i samband med roller og mynde.

Når det gjeld løyve til å utføre det skisserte feltarbeidet, har Kulturavdelinga mynde til dette utan å gå vegen via ein søknad til Riksantikvaren. Arkeologisk institutt vil kunne utføre feltarbeidet etter løyve frå Riksantikvaren. Slik Kulturavdelinga ser det, vil innhenting av slikt løyve ikkje føre til vesentleg meirarbeid for prosjektet.

Kulturavdelinga er kjent med at Arkeologisk institutt har allereie har teke på seg eit fagleg ansvar for prosjektet, og at dei vil hente inn formelt løyve til registreringsarbeidet. Slik prosjektet er presentert for Kulturavdelinga, vil vi vere positive til ein slik søknad og tilrå denne overfor Riksantikvaren.

Kulturavdelinga ser det som mest tenleg at Arkeologisk Institutt har det formelle faglege ansvaret for prosjektet, men vi vil gjerne bidra med råd og innspel i ei fagleg referansegruppe.

Med helsing

Lidvin M. Osland
fylkesdirektør

Kolbjørn Nesje Nybø
fylkeskonservator